



## Møteprotokoll

### Formannskapet

- Dato: 19.01.2017 kl. 09:00-14:45.  
Stad: Kommunestyresalen  
Arkivsak: 15/02308  
Møteleiar: Ordførar Heidi Granli.
- Tilstades: Leif Norhaug (Felles liste AP, V, KRF, SV og FRP), Heidi Granli (Felles liste AP, V, KRF, SV og FRP), Anne Gerd Jorde (Felles liste AP, V, KRF, SV og FRP), Roger Toppen (Felles liste H og SP), Hege Jensvoll (Felles liste H og SP), Herbrand Jegleim (Felles liste H og SP).
- Møtande varamedlemar: Kate Vibeke Sagabraaten (Felles liste AP, V, KRF, SV og FRP).
- Forfall: Helge Feet (Felles liste AP, V, KRF, SV og FRP).
- Andre: Rådmann Hege Mørk, avdelingsleiar Gol barnehage Wenche E. Olsen, kommunalsjef Hallvor Lilleslett, avdelingsleiar Utbyggingsavdelinga Hanne C. Nes, kommunalsjef Svein Eide og løn- og personalleiar Helene Holand.
- Protokollfører: Leiar sekretariat og tenestetorg Mona Hagen.
- Orienteringar: Kommunalsjef samfunn og utvikling:  
Prosess kommuneplanarbeidet.  
Utbyggingsavtaler Hahaug, drøfting.
- Kommunalsjef oppvekst og kultur:  
Skulebidragsindikatoren.
- Økonomisjef:  
Informasjon om situasjonen på økonomiavdelinga.
- Rådmann:  
Renslotunet, gapahuk.  
Krisesenteret.  
Glitrehaugeigedomen.  
Ny avdelingsleiar på Kommunalteknisk avdeling.

Orienteringar forts.

Ordfører:

ECO kontaktmøte – Heimsil 3.

Prosessmøte med administrasjonen og budsjettarbeid.

Skuleutvikling VK16.

Gol Stasjon (BFK/Bane NOR).

Folkemøte veg og slepp av KS1.

Folkemøte skatt og møte med Skattedirektoratet.

Masterplan for Hallingmo-arbeidet.

Gol Reisemål.

Folkevalgtid i mars.

**SAKSKART****Side****Saker til behandling**

<a href="#">1/17</a>	16/03641-2	INNSPEL TIL HANDLINGSPROGRAM FOR RIKSVEGAR 2018-2021 (23)	4
<a href="#">2/17</a>	12/04451-89	Klage frå Statens Vegvesen - b4 Reguleringsplan Petterbråten II bustadfelt	5
<a href="#">3/17</a>	16/04026-1	Oppretting av ny barnehage i Herad - kostnadskalkyle for ombygging av Herad skule til barnehage	6
<a href="#">4/17</a>	17/00011-1	Delegeringsreglement for Gol kommune	7
<a href="#">5/17</a>	16/02412-48	Ekspropriasjon - gnr.9 bnr. 306 og gnr. 10 bnr. 4	8
<a href="#">6/17</a>	15/03354-10	Oppfylging av evalueringsrapport - Hallingdal barnevernteneste	9
<a href="#">7/17</a>	16/01748-1	Brannsamarbeid i Hallingdal	10
<a href="#">8/17</a>	16/03680-3	Vestviken 110 IKS - anmodning om vedtak om endring i selskapsavtalen	11
<a href="#">9/17</a>	16/03805-2	Debatthefte - KS spør	12
<a href="#">10/17</a>	16/01650-11	Prinsippsak - Krav til utleige i eksisterande og framtidige reguleringsplanar - Ny behandling	13

Gol, 19.01.2017

Underskrifter

## Saker til behandling

### 1/17 INNSPEL TIL HANDLINGSPROGRAM FOR RIKSVEGAR 2018-2021 (23)

Arkivsak-dok. 16/03641-2

Saksbehandler Svein Eide

**Behandlet av**

1 Formannskapet

2 Kommunestyret

**Møtedato**

19.01.2017

**Saknr**

1/17

---

**Formannskapet har behandla saka i møte 19.01.2017 sak 1/17**

**Behandling**

Kommunalsjef Svein Eide orienterte.

Saksordfører: Leif Norhaug.

**Votering**

Samrøystes.

**Innstilling**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Gol kommunestyre ber administrasjonen sende inn uttale til handlingsprogram for riksvegar 2018-21 (23) i tråd med lista i saksframlegget.

[Lagre]

## 2/17 Klage frå Statens Vegvesen - b4 Reguleringsplan Petterbråten II bustadfelt

**Arkivsak-dok.** 12/04451-89

**Saksbehandler** Hanne Cecilie Nes

**Behandlet av**

1 Utval for natur og næring

2 Formannskapet

3 Kommunestyret

**Møtedato**

17.01.2017

19.01.2017

**Saknr**

6/17

2/17

---

**Formannskapet har behandla saka i møte 19.01.2017 sak 2/17**

**Behandling**

Saksordførar: Herbrand Jegleim.

**Votering**

Samrøystes.

**Innstilling**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

- Kommunestyret tek ikkje klaga til følge og ber Fylkesmannen i Buskerud avgjera klaga, jf. også klage frå deler av styret i Petterbråten Vel som er satt på vent til også Vegvesenets klage er behandla.

- Grunngevinga er at trafikkutgreiing frå Asplan Viak datert 21.10.2015 dokumenterer at adkomst via svingen nord for Svøo har kapasitet og er trafikkfagleg forsvarleg løysing dersom det bli etablert venstresvingefelt frå nord kombinert med nedsatt fartsgrense.

[Lagre]

## 3/17 Oppretting av ny barnehage i Herad - kostnadskalkyle for ombygging av Herad skule til barnehage

Arkivsak-dok. 16/04026-1

Saksbehandler Wenche Elisabeth Olsen

**Behandlet av**

- 1 Formannskapet
- 2 Kommunestyret

**Møtedato**

19.01.2017

**Saknr**

3/17

---

**Formannskapet har behandla saka i møte 19.01.2017 sak 3/17**

### Behandling

Avdelingsleiar Gol barnehage Wenche E. Olsen orienterte.

Saksordførar: Anne Gerd Jorde.

### Votering

Kate V. Sagabraaten (Felles liste AP, SV, V, KRF og FRP) gjorde framlegg om endring av ordlyden i pkt.

1: «Gol kommunestyre tek kostnadskalkyla på 5,3 mill. til orientering men heldt fast på vedtak med kostnadsgrense på 5,0 mill. til ombygging av Herad skule til 5-avdelingsbarnehage».

Det var votert punktvis.

pkt. 1: Kate sitt framlegg fekk 4 røyster (FRP, KRF og AP).

Rådmannen sitt framlegg ingen røyster.

Pkt. 2: 4 mot 3 røyster (H og SP)

Pkt. 3: 4 mot 3 røyster (H og SP)

### Innstilling

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Gol kommunestyre tek kostnadskalkyla på 5,3 mill. til orientering men heldt fast på vedtak med kostnadsgrense på 5,0 mill. til ombygging av Herad skule til 5-avdelingsbarnehage.
2. Gol kommune sender prosjektet ut på anbod.
3. Administrasjon legger fram ny sak til politisk handsaming når tilbodet føreligg.

[Lagre]

## 4/17 Delegeringsreglement for Gol kommune

**Arkivsak-dok.** 17/00011-1

**Saksbehandler** Hege Mørk

**Behandlet av**

1 Utval for natur og næring

2 Utval for kultur og levekår

3 Formannskapet

4 Kommunestyret

**Møtedato**

17.01.2017

18.01.2017

19.01.2017

**Saknr**

2/17

1/17

4/17

---

**Formannskapet har behandla saka i møte 19.01.2017 sak 4/17**

**Behandling**

Saksordfører: Roger Toppen.

**Votering**

Samrøystes.

**Vedtak**

Gol kommunestyre vedtar delegeringsreglement for Gol kommune, gjeldande frå 2017 med fylgjande endringar gjort av fagutvala:

UNN:

PB § 12-8: Skal være politisk behandling (enten UNN eller F som i dag).

PB § 12-10: UNN

PB § 12-11: UNN

PB § 12-12: 2.avsnitt: UNN

PB § 12-14: Rådmann

PB §19-2 og 19-3 skal ligge til UNN slik som i dag.

UKL:

Administrasjonen får delegert mynde i stadnamnlova §5 og §6.

[Lagre]

## 5/17 Ekspropriasjon - gnr.9 bnr. 306 og gnr. 10 bnr. 4

Arkivsak-dok. 16/02412-48

Saksbehandler Hege Mørk

**Behandlet av**

1 Formannskapet

2 Kommunestyret

**Møtedato**

19.01.2017

**Saknr**

5/17

---

**Formannskapet har behandla saka i møte 19.01.2017 sak 5/17**

**Behandling**

Saksordfører: Hege Jensvoll.

**Votering**

Samrøystes.

**Vedtak**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. I samsvar med plan-og bygningslova §16-2 vedtek kommunestyret å ekspropriere eigedom med gnr 10, bnr 4 (den teigen som grensar til 9/306), og eigedom med gnr. 9, bnr. 306 i samsvar med områdeplan for delar av Vikojordet og Storøyne. Føremålet med ekspropriasjonen er å gjennomføre reguleringsplanen for delar av Vikojordet og Storøyne, jf. Ksak 044/14.
2. Det vert krevd rettsleg skjøn ved Hallingdal tingrett.
3. Det vert søkt Fylkesmannen om å ta grunn i bruk før skjøn er halde.
4. Administrasjonen gjes fullmakt til å fortsette forhandlingar om pris og overtaking av eigedommane, herunder å inngå forlik om pris i skjønsretten.

[Lagre]



## 6/17 Oppfølging av evalueringsrapport - Hallingdal barnevernteneste

**Arkivsak-dok.** 15/03354-10

**Saksbehandler** Hege Mørk

**Behandlet av**

1 Utval for kultur og levekår

2 Formannskapet

3 Kommunestyret

**Møtedato**

18.01.2017

19.01.2017

**Saknr**

3/17

6/17

---

**Formannskapet har behandla saka i møte 19.01.2017 sak 6/17**

**Behandling**

Saksordfører: Kate V. Sagabraaten.

**Votering**

Samrøystes.

**Innstilling**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Gol kommunestyre tek saka om oppfølging og utvikling av den interkommunale barneverntenesta i Hallingdal til orientering.

[Lagre]

## 7/17 Brannsamarbeid i Hallingdal

Arkivsak-dok. 16/01748-1

Saksbehandler Hege Mørk

**Behandlet av**

1 Formannskapet

2 Kommunestyret

**Møtedato**

19.01.2017

**Saknr**

7/17

---

**Formannskapet har behandla saka i møte 19.01.2017 sak 7/17**

**Behandling**

Saksordførar: Leif Norhaug.

**Votering**

Samrøystes.

**Innstilling**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Gol kommune er positiv til ei utviding og ytterlegare formalisering av brannsamarbeidet i Hallingdal.
2. Administrasjonen blir beden om å arbeide vidare med organisasjonsmodell og kostnadsfordeling.
3. Sak om brannsamarbeid blir lagt fram for politisk behandling seinast oktober 2017, med sikte på ei utviding av samarbeidet frå 01.01.2018.

[Lagre]

## 8/17 Vestviken 110 IKS - anmodning om vedtak om endring i selskapsavtalen

**Arkivsak-dok.** 16/03680-3

**Saksbehandler** Hege Mørk

**Behandlet av**

1 Formannskapet

2 Kommunestyret

**Møtedato**

19.01.2017

**Saknr**

8/17

---

**Formannskapet har behandla saka i møte 19.01.2017 sak 8/17**

### **Behandling**

Saksordfører: Anne Gerd Jorde.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Innstilling**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Gol kommunestyre vedtek ny Selskapsavtale i Vestviken 110 IKS med fylgjande endringar i eigardelane:

Sandefjord kommune: 11,6 %

Vestviken IKS: 22,5 %

Endringane skjer frå 01.01.2017, når nye Sandefjord kommune er etablert

[Lagre]

## 9/17 Debatthefte - KS spør

**Arkivsak-dok.** 16/03805-2

**Saksbehandler** Helene Holand

**Behandlet av**

1 Formannskapet

**Møtedato**

19.01.2017

**Saknr**

9/17

---

**Formannskapet har behandla saka i møte 19.01.2017 sak 9/17**

### **Behandling**

Personalleiar Helene Holand orienterte.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Vedtak**

Administrasjonen utarbeider eit notat på grunnlag av diskusjonane i formannskapet.

[Lagre]

## 10/17 Prinsippsak - Krav til utleige i eksisterande og framtidige reguleringsplanar - Ny behandling

**Arkivsak-dok.** 16/01650-11

**Saksbehandler** Hanne Cecilie Nes

**Behandlet av**

1 Utval for natur og næring

2 Formannskapet

**Møtedato**

17.01.2017

19.01.2017

**Saknr**

1/17

10/17

---

**Formannskapet har behandla saka i møte 19.01.2017 sak 10/17**

### **Behandling**

Avdelingsleiar Utbyggingsavdelinga, Hanne Cecilie Nes og kommunalsjef Samfunn og utvikling, Svein Eide orienterte.

Saksordfører: Herbrand Jegleim.

### **Votering**

Samrøystes.

### **Innstilling**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

I

Reguleringsplanar i kombinert område kan gjennom reguleringsendring §§12-3 og 12-14 i plan- og bygningslova bli fritatt heilt eller delvis for krav til utleige, jf. kommuneplanens føresegn 2.3, bokstav b. Kommunen som reguleringsmyndighet skal fortsatt ha styringsrett og utøve sin mynde slik at det er mogleg å fortsatt kreve næring i kjerneområder for turistnæring.

II

«Varme senger» spørsmålet for turistbedrift/næringsområde/kjerneområder skal utgreiast vidare gjennom revisjon av kommunepla

[Lagre]